

Framdriftsplan Fyresdal Frivilligsentral 2026

Dagleg leiar deltek på årsmøte Norges Frivilligsentralar arrangerer på Gardemoen 22. – 24. april. Samtidig med årsmøtet blir det også halde fagdagar, for inspirasjon og nettverksjobbing. Dette går føre seg på Gardemoen.

Fyresdal frivilligsentral skal halde fram med etablerte aktivitetar samt legge til rette for, og utvikle nye aktivitetar/møteplassar for folk, i alle aldrar uavhengig av nasjonalitet, religion og inntekt.

Fyresdal frivilligsentral skal halde fram med stolpejakta. I fjor hadde vi utfordringar med stolpejegerar som tok seg til rette, og dette har hatt ein negativ innverknad på grunneigarane sin velvilje. I år etablerer vi ei rute langs den gamle Valebjørgsvegen som går frå Våmur til Basthomen. Her er det bom på vegane slik at folk ikkje får køyre bil inn, samtidig som det er mogleg for rullestolbrukarar å nytte tilbodet. På den måten unngår vi køyring mellom stolpane – grunneigarar er positive til dette.



Fyresdal Frivilligsentral skal jobbe med å tilby sommaraktivitetar for barn og unge i sommarferien 2026. Dagleg leiar har søkt eksterne midlar for å gjennomføre desse. På styremøte i mars bestemte vi at aktivitetar skal tilbydast ut frå kor mykje pengar ein får. Vi laga ei prioritert liste: fire klubbkveldar, vandretur mellom to DNT hytter – for familiar, overnattingstur til Fiskebustøylen, Sommarland i Bø, Troll aktiv på Evje, Trampolineparken i Larvik.



I løpet av 2025 har Fyresdal Motorsportklubb og Fyresdal Frivilligsentral jobba med å etablere Mekke-klubben, som skal bli ein sosial møteplass for barn og unge med god voksen oppfylling. Vi jobbar vidare med å få inn midlar til dette prosjektet. Vi treng midlar til litt møblar og til verktøy.

I løpet av seiste året 2025 har vi fått inn meir ting til Utstyrssentralen. Dagleg leiar har fått spørsmål om slalåmski og sno brett og at dette er noko folk ynskjer å låne. Vi tenker at vi heller kjøper inn andre type ski, for å unngå mykje vedlikehald på utstyr.

Dagleg leiar har i løpet av året fått inntrykk av at det er fleir vaksne -unge og gamle som føler på einsomheit og utanforskap. Dette er ein negativ trend vi jobbar for å snu, ved å invitere breitt og i enkelte tilfelle ved direkte invitasjon.



Om nokon år vil Gardar bli bygd om til bustad formål. Dette betyr at Vevkjeringane, Dart klubben, Utstyret frå Folkeverkstaden og Røde Kors sitt lager må flyttast. Kvar – er ein utfordring vi må begynne å tenke på.

Fyresdal Frivilligsentral inviterer også i år, alle pensjonistane i bygda og til fiske og aktivitetsdag på Fiskebustøylen. Dette skjer i fyrste halvdel av september.



I oktober 2025 la Fyresdal frivilligsentral til rette for styrketrening i hallen. Vi starta med ein kveld i veka, men utvida til to då dette var eit sterkt ynskje frå deltakarane og dei frivillige instruktørane. Tilbodet vart då lagt inn under idrettslaget og er nå to gonger i veka, for folk i alle aldrar.

Dette har blitt ein god møteplass der det sosiale er viktig, og eit godt bidrag til folkehelsa i bygda. Vi jobbar vidare for å halde fram med dette tilbodet.



I mars 2026 fekk vi stand eit tilbod med dans på kulturhuset. Vi ynskjer at dette skal bli ein møteplass der folk kjem saman rundt dansen, og jobbar vidare med at dette skal bli ein god møteplass på tvers grupperingane i bygda.

Frå seiste halv år 2025 og frametter, har vi jobba for å etablere brettspel kveldar på Frivilligsentralen, der målet er å etablere møteplassar for unge vaksne. Vi jobbar vidare med å få fleir folk ut.

Bruktbua på Meinstad held fram som før og jobbar for at drifta skal gå med overskot slik at dette kan delast ut att til frivillige lag og organisasjonar i bygda desember 2026.

Frå september til mai møtast Badenymfene kvar fredag til utebad. I år prøva vi ut at om det fungera at folk tok del i å invitere alle andre med, dette har ikkje fungera noko særleg. Slik at for neste år tek dagleg leiar jobben med å invitere med. Dette er ein god arena for folk til å møtast på tvers av grupperingar i bygda.



I 2025 takka pensjonistane som har drifta og vedlikehalde joletreet på Høgenut for seg, og andre måtte overta til glede for folk i bygda. Fyresdal frivilligsentral saman med tre frivillige har nå dette ansvaret. Kostnadane skal dekkast av Moland vel.

Dagleg leiar i Fyresdal frivilligsentral er med i Folkehelse nettverket i kommunen. Saman i nettverket jobbar vi for systematisk arbeid for god psykisk og psykisk helse hjå alle folk i kommunen. Arbeidet blir forankra i Folkehelseundersøkinga.

Frå april 2026 inviterer Fyresdal Bibliotek og Fyresdal Frivilligsentral til språk kafé på biblioteket. Vi håpar folk frå ulike land, med ulik kultur, ulikt språk og religion kan møtast å samtale på norsk rung ulike tekstar. Vi serverar vaflar og kaffi desse kveldane.

September 2026 skal vi saman med helse, markere verdsdagen for psykisk helse, og i november 2026 markerer vi Frivillighetens dag.

